

Nei til utbygging av Kvanndalselva!

Eg er ingen skribar, men sidan dette er eit fritt land tenkte eg at eg skulle bruke ytringsfriheita mi.

I denne saka eg det for meg veldig vanskeleg å setje ord på følelsane mine rundt temaet. Eg synest de burde høyra på oss unge, fordi når me fyrst bryr oss om ei sak, ja då er det ei sak me brenner for. Då eg fyrst fekk høyra om utbyggingsplanar i Kvanndal følte eg meg heilt tom. Eg tenkte inn meg at den vesle stemma mi har ikkje noko som helst betyding i ei sånn sak. Men det som kanskje blir gjort no må me unge sitte igjen med i all evigheit.

Så eg lure på; KVAR ER DEN BÆREKRAFTIGE UTVIKLINGA?

Eg trur ikkje alle er klar over kor mykje ressursar, historie og kunnskap det er i denne gjela.

Eg og familien min går på tur der. I 2014 gjekk me i frå Kvanndal, men måtte snu langt oppi gjela då det blei dårleg vær. Men det klimaet som er der nede er heilt unikt og ein kan ikkje beskriva det, det må rett og slett opplevast.

Vetlebroren min var berre 9 år den gongen. I elva lærte han seg å fiske og verkeleg få oppleve ekte natur. Dette må me ta vare på å la fleire generasjonar få oppleve. Eg vil ikkje at ungane mine skal få naturkunnskap og frisk luft i eit kraftanlegg. Tenk framover.

Sjølvsagt må ein jo ha straum. Men i dette samfunnet og verden me lever i no må det vell vere rom for andre løysingar som ikkje øydelegg så mykje natur. Kvifor ta ein so verdifull plass, når ein heller kan lage energi der ein treng det? Viss de treng insperasjon skal eg med glede hjelpa med nokon stikkord; straumsparing, vindmøller, solcelle osv. Berre vær så snill å ikkje øydelegg naturen min som eg skal bringa vidare.

5. november 2017

Kristina Olde 16 år